



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 5557 2321
Olav Overvoll, 5557 2315
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
17.01.2012
Dykkar dato
10.10.2011

Vår referanse
2011/13294 561
Dykkar referanse
08/4287

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 53
6801 FØRDE

Fråsegn til søknad om bygging av Røyrvik kraftverk i Kvam herad

Av omsyn til naturmangfaldet meiner Fylkesmannen at NVE må sette strengare krav til bygginga og drifta av Røyrvik kraftverk enn det som er skildra i konsesjonssøknaden. Vi meiner at kraftverket må byggjast med forbisleppingsventil, og med inntak som minimerar gassovermetning. Det er også naudsynt med større minstevassføring.

Vi viser til brev av 10. oktober 2011 der NVE ber Fylkesmannen om å vurdere konsesjonssøknaden frå Røyrvik kraftverk AS. Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett til 17. januar 2012.

Røyrvik kraftverk er planlagt bygd i Røyrvikelva i Kvam herad, og vil nytte vatn frå innsjøane oppstrøms. Inntak skal skje i Vetlavatnet. Kraftverket vil sleppe ut vatnet i elva like oppstrøms anadrom strekning. Vetlavatnet og to vatn som drenerar til Vetlavatnet vil få endra vannstand og skal nyttast som reguleringsmagasin. Prosjektdata er vist i tabellen under.

Prosjektdata (200% slukeevne)	Kraftverk	Stora- Vatnet ^{***}	Øyjords- Vatnet ^{***}
Installert effekt (MW)	0,65		
Produksjon (GWh/år)	3,0		
Brukstid (timer)	5500-7900		
Utbyggingskostnad (mill. NOK)	8,3		
Utbyggingspris (NOK/kWh)	2,70		
Alminnelig lågvassføring (l/s) ^{***}	32		
Minstevassføring = Q95 (l/s) ^{***}	40/24		
Q95 sommar/vinter (l/s) ^{***}	40/24		
Slukeemne maks./min. (l/s)	1136/60		
Inntak (moh)	72*		
Avløp (moh)	2		
Vassveg i nedgrave røyr (m)	850		
Regulering (HRV/LRV) (moh)	70/72*	70/74	70/72
Overskotsmasse (m ³)	0		
Vegbygging (m)	0		
Nettilknytning, jordkabel/luftspenn (m)	70/60		

*Vetlavatnet

**Vatn frå desse innsjøane vert ført inn i Vetlavatn

***Gjeld for Røyrvikelva

Vår vurdering av konsekvensane

Fylkesmannen har tidlegare uttalt seg til eit tilsvarende prosjekt utan regulering i Røyrvikelva i samband med søknad om konsesjonsfritak. Vår uttale til konsesjonssaka er i hovudsak i samsvar med vår uttale i denne saka. Ein del nye moment er likevel teke med, m.a. vurderinga av utbygginga etter naturmangfaldslova.

Etter denne lova er det krav om å nytte naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser på bærekraftig vis. Ved inngrep skal tiltakshavar i rimeleg grad dekke kostnadene for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet (§11). Det skal nyttast teknikk ved inngrepet som samla sett gir det beste resultatet for samheldet (§12).

Fylkesmannen vil vurdere konsesjonssøknaden ut frå omsynet til dei fagfelte der vi har særleg ansvar og etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova. Berre eventuelle konfliktområde er omtala.

Konfliktområda

Røyrvikelva nedtrøms utløpet frå kraftverket er oppvekstområde for sjøaure. Elva renn ut i Hardangerfjorden. Bestandane av sjøaure i Hardangerfjorden er kritisk låge. Det er difor naudsynt å ta spesielle omsyn til dette oppvekstområdet ved bygginga av Røyrvik kraftverk.

Undersøkingar av anna biologisk mangfald i tiltaksområdet har ikkje avdekkja spesielle artsførekomstar eller viktige naturtypar. Eit område er foreslått som naturbeitemark av lokal verdi, men denne vil kunne tilbakeførast til opphavleg stand, sjølv om ei røyrgate skulle gå gjennom området. Mosefloraen i elva er ikkje godt undersøkt, men topografien gjør at sjansane for å finne spesielle artar her blir vurdert som liten.

Under synfaring i samband med tidlegare søknad om konsesjonsfritak, peika Fylkesmannen på ein svartorførekomst av ein viss verdi i og langs elva like nedanfor den planlagde dammen. Vi meiner framleis at ein helst bør unngå inngrep i denne ”skogen”.

Utbygginga vil mogleg kunne føre til at elva blir ueigna som hekkeplass for fossefall, men arten hekkar i dei fleste elvar over ein viss størrelse. Eit avbøtande tiltak for fossefall vil vere å henge opp ei rugekasse i utløpet under kraftverket, dersom dette får ein konstruksjon som eignar seg for dette.

Ål er ein rødlista art i Norge. Det er ål i vassdraget som vert påverka av utbygginga. Ål finst likevel i dei aller fleste lågtliggande innsjøar med utlaup til sjø. Hovudårsakene til ålen sine problem finst sannsynlegvis i havet.

Arealet av inngrepsfrie område (INON) blir ikkje redusert ved utbygginga.

Utbyggingsområdet ligg likevel i eit uvanleg vakkert og velhalde kulturlandskap som det er viktig å ta vare på. I *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* er utbyggingsområdet plassert i område med stor verdi grunna fjordlandskapet. Det er turstiar langs elva og vidare til fjellområda innafor.

Naudsynt med endringar i prosjektet

Etter vår meining har tiltakshavar i søknaden allereie skildra mange gode tiltak som vil verte gjennomført for å avbøte skadar på naturmangfaldet ved bygging og drift av kraftverket. Vi tolkar konsesjonssøknaden slik at dette mellom anna gjeld skånsame inngrep i samband med nedgraving av røyrkata og tiltak for å sikre ålevandring. Fylkesmannen meiner at det i tillegg er naudsynt med forbisleppingsventil i kraftverket, endra inntak og større minstevassføring for at utbyggingsprosjektet skal oppfylle krava i naturmangfaldslova.

Installasjon av forbisleppingsventil og endra inntak

For å unngå stranding av fisk på anadrom strekning ved driftsstopp, er det naudsynt å installere forbisleppingsventil i kraftverket. I Hordaland er det påvist at gassovermetning ved utløp av kraftverk kan gje betydelig skade på anadrome fiskebestandar. Fylkesmannen meiner difor at inntaket til Røyrvik kraftverk må konstruerast så ein minimerar dette problemet.

Større minstevassføring

Fylkesmannen meiner at utbyggjar må påleggast større minstevassføring. Dette vil auke vassføringa i fossen, og med det ta vare på det visuelle inntrykket i dette vakre og velhaldne kulturlandskapet. Auka minstevassføring vil også gi større sikkerheit mot stranding av anadrom fisk dersom forbisleppingsventilen skulle svikte ved stopp i kraftverket.

I området frå inntaket til ovanfor fossen er det stasjonær aure. Elva blir nytta til rekreasjonsfiske. Auka minstevassføring vil redusere skadane av utbygginga på denne bestanden.

NVE må vurdere kva minstevassføring som må til for å få oppfylle krava i naturmangfaldslova.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at NVE av omsyn til naturmangfaldet må sette strengare krav til bygginga og drifta av Røyrvik kraftverket enn det som er skildra i konsesjonssøknaden. Vi meiner at kraftverket må byggjast med forbisleppingsventil, og med endra inntak som minimerar gassovermetning i vatnet frå kraftverket. Det er også naudsynt med større minstevassføring.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonsjef

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Røyrvik kraftverk AS v/B.T.Røyrvik	Innstrandavegen 293	5620	Tørvikbygd
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim